

*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*



# VURDERINGSRAPPORT

## BRAKANES SKULE



Ekstern vurdering Brakanes skule 30/3 – 2/4 2009



## 1 – Førord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderarar?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Brakanes skule er ein barne –og ungdomsskule og ligg i Ulvik herad inst i Hardangerfjorden.

Brakanes barne- og ungdomsskule ligg på Skeie 500 m frå sentrum. Musikkskulen og Skolefritidsordninga (SFO) er og lokalisert her. Brakanes skule er den einaste grunnskulen i Ulvik

Det er til saman kring 150 elevar og 36 tilsette ved skulen. I tillegg disponerer skulen Finse leirskule og Bagnstrond leirskule, noko som gjer at det blir naturleg for skulen å halda fokus på friluftsliv som speglar den varierte naturen Ulvik herad har. Skulen ynskjer å ha fokus på korleis ein til ei kvar tid kan gjera verksemda best mogleg.

## 3 – Vurderingstema

### SATSINGSOMRÅDE

Skulen har tidlegare satsa på områda IKT, livsstil, tilpassa opplæring og vurdering. Alt dette er viktig for skulen, men IKT og livsstil har etter kvart blitt så innarbeidd at ein ikkje treng å ha dette som satsingsområde lenger. Framover vert det viktig å sjå på vurdering og tilpassa opplæring med hovudfokus på elevvurdering. Dette vil prega skulen sitt arbeid vesentleg dette skuleåret. Ein ynskjer å få til ein god kultur for elevvurdering ved skulen, og ein vil i større grad enn før nytta elevvurdering som eit aktivt reiskap for å fremja læring hjå den einskilde elev. Grunnen til dette er at alle elevane har krav på tilpassa opplæring. Elevane skal oppleva elevvurderinga som ei klar tilbakemelding på kvar han / ho ligg i høve til kva som blir forventa samtidig som eleven skal få god og konkret tilbakemelding på kva han / ho skal gjera for å nå måla. Dette gjeld både sosiale og faglege mål.

**Tema for ekstern vurdering i veke 14 2009 : Elevvurdering**

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*





<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god kvalitet</b>
Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none"><li>- vurderinga motiverer eleven</li><li>- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen</li><li>- vurderinga gjev tilbakemelding om framgang</li><li>- elevarbeidet vert vurdert</li><li>- elevane får gjennom vurderinga vita korleis dei skal nå læringsmåla</li><li>- elevar, lærarar og dei føresette veit kva som skal vurderast</li><li>- elevar og foreldre kjenner læringsmåla</li><li>- eleven får, når det er naturleg, vere med på å bestemme kva som skal vurderast</li><li>- eleven kan vurdere eige og andre elevar sitt arbeid</li><li>- elevane kan formulere eigne mål</li><li>- vurderinga er tilpassa, med fokus på eleven sine sterke sider</li><li>- eleven er bevisst på eigne læringsprosessar, og gjer bevisste val</li></ul>
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none"><li>- eleven får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt</li><li>- eleven får munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt</li><li>- det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingssamtalar</li><li>- eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert medviten om kva han kan forbetra</li><li>- vurderinga skaper dialog mellom skule og heim</li></ul>
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none"><li>- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering</li><li>- skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen</li><li>- elevar og foreldre er med på evaluering av vurderingspraksisen</li><li>- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse</li><li>- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat</li></ul>



Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>- lærarane drøftar ulike omgrep innanfor vurdering utan karakter, som t.d. låg - , middels- og høg kompetanse</li><li>- lærarane drøftar ulike omgrep knytte til læring, slik som kunnskap, innsikt, forståing, læring og vurdering</li><li>- det er lagt til rette for samarbeid</li><li>- det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting</li><li>- skulen har fokus på tilpassa opplæring</li><li>- personalet er opne for endringar</li><li>- skulen vurderer jamleg verksemda si</li><li>- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i</li><li>- leiinga gjev god informasjon</li><li>- dei tilsette søkjer informasjon sjølv</li></ul>
------------------------------------	---

## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, foreldre, tilsette på skulen og rektor.
- Eksterne: Inger Sekse og Turid S. Mykkeltvedt

Grunngjeving for val av informantar:

Elevvurdering er viktig for alle partar i skulekvardagen, difor valde me å bruka eit breitt spekter av informantar

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



Tid	Aktivitet	Ansvar
08.12.08 10.02.09	Vurderingsveke vert fastlagt til veke 12 Vurderingsveka enda til veke 14, 30. mars – 2. april	Skulen og vurderarane
08.12.08	Vurderingstema: Elevvurdering	Skulen
Janurar- februar	Glansbilete for vurderingsområdet vert utarbeida og sendt skulen	Vurderarane og rektor
Jan - febr	Glansbiletet vert drøfta av dei tilsette på Brakanes skule Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbiletet	Rektor og vurderarane
Veke 9	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette	Vurderarane og rektor
Veke 12	Skulen sender ut informasjon om ekstern vurdering. Skulen sender invitasjonen til foreldremøtet vidare til foreldrerepresentantane i FAU (to frå kvar klasse). Skulen kallar inn til framlegging av rapport <b>torsdag 2.april kl. 14.15 – 15.15</b> . Det er viktig at skuleeigar er representert.	Rektor
29.03 kl. 18.00	Arbeidsmøte vurderarar, førebu samtaleguidar og foreldremøte	Vurderarar
Veke 14	<b>Måndag 30. mars</b> 0800 – 0825 Vurderingsgruppa har informasjonsmøte med dei tilsette 0830 – 0845 Felles morgonstund med alle elevane 0845 – 0920 Intervju 1 + 2.klasseelevar 0920 – 0950 Intervju 3.klasseelevar 0950 – 1005 Observasjon friminutt 1050 – 1045 Intervju 3.klasseelevar 1045 – 1125 Intervju 4 + 5.klasseelevar 1125 – 1155 Lunsj i kantina saman med elevane på mellomsteget 1155 – 1235 Intervju 7.klasseelevar 1235 – 1315 Intervju 8.klasseelevar	Rektor legg til rette. Vurderarane treng eit rom til disposisjon.



	<p>1315 – 1330 Observasjon friminutt / pause 1330 – 1410 Observasjon 9.klasse 1410 – 1450 Intervju tilsette 1450 – 1530 Intervju tilsette 1530 – 1610 Intervju tilsette 1900 – 2030 Foreldremøte – alle foreldra inviterast</p> <p><b>Tysdag 31. mars</b> 0830 – 0910 Intervju 9.klasseelevar 0910 – 0950 Observasjon 1 + 2.klasse 0950 – 1005 Observasjon friminutt 1005 – 1045 Observasjon 5 + 6 klasse 1045 – 1125 Observasjon 3 + 4 klasse 1125 – 1155 Matpause kantina saman med elevane på ungdomssteget 1155 – 1235 Observasjon 7.klasse 1235 – 1315 Observasjon 8 + 10.klasse 1330 – 1410 Intervju 9.klasseelevar 1410 – 1450 Intervju tilsette 1450 – 1530 Intervju tilsette 1530 – 1610 Intervju tilsette</p> <p><b>Onsdag 1. april</b> Vurderingsgruppa jobbar med rapporten, evt. observasjon på skulen</p> <p><b>Torsdag 2. april</b> K1 1320 – 1350 Samtale med rektor K1 1350 – 1415 Tilrigging K1 1415 – 1515 Presentasjon av rapporten for personalet, ordførar og rådmann.</p>	
Veke 15	<p>Rapporten vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering. Den offesielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida. Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk.</p>	Vurderarane
Innan 15. mai	<p>Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Turid Mykkeltvedt som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre.</p>	Rektor og Turid Mykkeltvedt



## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

### Dokument- og resultatanalyse

Vurderarane fekk passord og tilgang til skulen sine its-learning sider, og kunne såleis henta ut informasjon om skulen

### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med ein del endringar

### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Tema i desse samtalane er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Vurderarane har intervjuet 38 elevar frå alle klassesteg og 25 tilsette.

### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. Måndag 30/3 – 09 var alle foreldra på skulen kalla inn til foreldremøte med dei eksterne vurderarane. 30 foreldre møtte.

### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

### Observasjon

Me har observert ulike undervisningssituasjonar på alle klassetrinn.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Kriterium : Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- *vurderinga motiverer eleven*

Fleirtalet av elevane seier at tilbakemeldingar motiverer og gjev dei lyst til å gjera betre arbeid. Nokre seier til og med at også dårlege tilbakemeldingar motiverer, men "då må det stå kva du kan forbetra".

Også dei tilsette er tydelege på at tilbakemeldingane skal motivera elevane til å nå måla og inspirera til vidare læring.

Difor konkluderer vurderarane med at vurderinga ved Brakanes skule er læringsorientert og stimulerer til utvikling og læring.

- *elevlar, lærarar og dei føresette veit kva som skal vurderast*
- *elevlar og foreldre kjenner læringsmåla*

Dette er eit område som det er tydeleg at skulen har jobba med. K-06 er ein målrelatert læreplan som vektlegg tydelege kompetansemål som skal vera kjende for elevlar og foreldre.



Her har skulen kome langt, hald fram med det gode arbeidet og fokuser, som dei tilsette sjølve seier, på å verta endå tydelegare og meir konkret i utforming av elevane sine kompetansemål i alle fag!

### **Kriterium: Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt**

- *elevane får skriftleg tilbakemelding på arbeidet sitt*

Alle elevane som vart intervjuja sa at dei fekk skriftleg tilbakemelding på ulike arbeid. Tilbakemeldingane var konkrete slik at elevane visste kva dei måtte arbeida meir med og kva dei gjorde bra. Lærarane seier også at dei brukar meir tid på tydelege tilbakemeldingar no enn tidlegare. Karakterane elevane får på ungdomsskulen vert på større arbeid forklara med tekst., noko elevane uttrykkjer at dei set stor pris på.

- *elevane får munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt*

Elevane var tydelege på at lærarane gav munnleg tilbakemelding. Lærarane går rundt i klasserommet og hjelper. Mange elevar ynskjer enno meir kontakt med læraren sin og synest dei andre får meir hjelp og tilbakemelding. Observasjon stadfesta at lærarane gav munnlege tilbakemeldingar i timane.

- *det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingssamtalar*

Både elevar og lærarar stadfestar at det vert gjennomført elevsamtalar på Brakanes skule. I desse samtalan vert både faglege og sosiale emne teke opp. Men det er ulikt kor mykje tid ein har til gjennomføringa, det skal vera minimum to elevsamtalar i året. Elevane sender signal om at desse samtalan er viktig arena for å ta opp vanskelege tema.

### **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

- *det er lagt til rette for samarbeid*

Leiinga har lagt til rette for samarbeid gjennom laga og plassering av lærarane i kontorfellesskap.

#### **ELLES:**

- me har møtt mange høflege og greie elevar
- elevane var svært gode informantar
- me opplevde eit harmonisk miljø på skulen
- gode relasjonar barn – barn, og vaksen – barn
- kompetente og flinke lærarar
- lærarar som er stolte av profesjonen sin
- elevarbeid syner att i klasserom og fellesareal
- ei velfungerande og triveleg kantine
- imponerande bruk av "it`s learning"
- "eg kan" permen innført i heile barnesteget !



## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### **Kriterium: Vurderinga stimulerer til utvikling og læring**

*- eleven får, når det er naturleg, vera med på å bestemma kva som skal vurderast*

Elevane er tydelege på at dei i liten grad er med på å bestemma kva som skal vurderast. Dei gjev uttrykk for at det er læraren som bestemmer. Det stemmer med uttalane som lærarane gav. Lærarane seier det er unnataket at elevane er med på å bestemma kva som skal vurderast. På spørsmål om kor tid det er naturleg at elevane er med, får me som svar at det heng saman med modning, og at det er meir naturleg i 10. klasse enn i første klasse. Dette kan i verste fall føra til at elevane ikkje får opplæring i å setja seg eigne mål og vera med på å vurdere dei, fordi det vil ikkje vera naturleg nokon gong.

Elles vart det påpeika at "til enklare mål du har, til enklare er det å vurdere". Det er det viktig å gripa tak i og arbeida vidare med. Små born har også ein tanke om kva mål dei har, eg skal læra meg å sykla, lesa, skriva 2-tal, knyta skolisser, verta fotballproff.... På elevsamtalane vil det naturleg å samtala om mål for den komande perioden og vurdere mål som ein har hatt i perioden før.



## **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

- *det er lagt til rette for samarbeid*
- *det er lagt til rette for samarbeidslæring/metodedrøfting*

Personalet er tydelege på at det er lagt til rette for samarbeid, men at nokre yrkesgrupper fell utafør. Det kjem fram at det særleg er assistentane som manglar tid til samarbeid. Dette samarbeidet vert tilfeldig, "me snakkast i full fart i gangen". Elles har me fått signal på at samarbeidet på laga fungerer godt, men at samarbeidet på tvers har vorte dårlegare etter omorganiseringa. "Det har vorte meir blokktenkjing, me ser ikkje andre sine problem lenger."

Personalet seier dei synest dei har for lita tid til samarbeid, og at samarbeidstida vert mykje nytta til diskusjonar om praktiske oppgåver. Det vert også hevda at ein må gå mange rundar før ting vert avklara og bestemt. Når ein har lita tid, er det enno viktigare korleis tida vert nytta. Stortingsmelding 31 "Kvalitet i skulen" 2008, seier noko om dette:

- Fellestid for lærarar er ofte informasjon og planleggjing av ulike aktivitetar
  - Bruk av tid til erfaringsdeling og pedagogisk drøftingar vert det i liten grad tid til
- Dette stemmer med det som vert sagt i intervjuet. Det er fleire som saknar fagseksjonane og samarbeid på tvers av stega, det går mykje tid til praktisk arbeid og lita tid til erfaringsdeling og pedagogisk arbeid. Ein har for liten kunnskap om kvarandre på tvers av trinna.

Det er heller ikkje alle som ser at det er viktig med erfaringsdeling og pedagogiske drøftingar utover dei ein arbeider saman med. "Me samarbeider med dei som er nær oss, me treng ikkje samarbeida med andre". Skal skulen gje elevane sine den opplæringa dei har krav på, må det vera ein samanheng og ei utvikling i opplæringa.

I personalet er det stor kompetanse på mange felt. Då vert det viktig å dela kompetansen og hjelpa kvarandre med å verta gode. Dette må gjelda på tvers av stega. Skuleleiinga har eit overordna ansvar for å fylgja opp arbeidet og sjå til at gode idear og god praksis kjem til nytte på heile skulen. Slik skulen fungerer i dag, vert det gjort mykje utviklingsarbeid på dei ulike stega. Det vert snakka mykje om småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget og samarbeidet på dei ulike laga. Samarbeidet og utveksling av idear og erfaringar på tvers manglar. Ein konsentrerer seg om sitt eige steg. Det er viktig å vera klar over at frå 2004 har me ikkje småskuletrinn og mellomskuletrinn, men barnesteg, nettopp for å betra samanhengen i opplæringa.

I Stortingsmelding 30 "Kultur for læring" 2003-2004 kan me lesa:

"Ungdomstrinnets samarbeid med videregående opplæring gjør det naturlig å opprettholde dette som eget hovedtrinn. På småskole- og mellomtrinnet vil fortsatt inndeling i de to trinnene kunne hemme differensiering av innhold, organisering, arbeidsmåter og bruk av tid. Ved å fjerne nasjonale bestemmelser om inndeling i småskoletrinn og mellomtrinn vil det kunne åpnes for økt tilpasning til den enkelte elevs forutsetninger og behov og for inndelinger ut fra lokale behov. Skolene vil få større handlingsrom til å skape bedre sammenheng i opplæringen, og lærerne får et bredere grunnlag for erfaringsdeling og gjensidig læring. Utvidelsen av tiden til opplæring i dagens småskoletrinn kan bidra til å fjerne forskjellene mellom småskoletrinnet og mellomtrinnet. Samtidig kan lokal frihet til å dele inn på ulike måter skape variasjon og mangfold i skoleløpet og bedre motivasjonen".



### **Kriterium : Vurderinga stimulerer til utvikling og læring**

- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen

#### **Opplæringslova**

##### **§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa**

" Elevane skal være aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilrettelegga og gjennomføra opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her."

I skulekvardagendagen betyr medverknad å gi elevane høve til å delta i ulike sider ved tilrettelegginga av opplæringa.

Det krev meir av både elevar og lærarar. Elevmedverknad handlar om å gjere elevane meir aktive i eigen læreprosess. Det handlar om å syta for at elevane har oversikt og kontroll over kva som skal lærast i bestemte periodar, kan vera med å påverka og om å læra av eigne erfaringar.

Ein kan ikkje venta at å medverka er noko alle elevar kan den dagen dei startar på skulen, det må lærast!

(Forskning viser at elevar som er aktive og medverkar er meir motiverte og at dei får betre tilpassa opplæring. Betre oversikt over eigen opplæringssituasjon fører til betre trivsel og betre resultat på skulen.

#### **Kompetanseberetningen 2004 og 2005, Skolen som lærende organisasjon)**

Ved Brakanes skule uttrykkjer elevane at dei i liten grad får vera med å bestemma kva som skal vurderast, i varierende grad er med å vurderer eige og andre sitt arbeid, og i liten grad set opp eigne mål for læring.

Dei tilsette seier også at elevane i liten grad er aktivt med i vurderingsprosessen. Skulen er kome langt i arbeidet med å gjera læringsmåla tydelege og kjende for elevane og foreldre. Eit steg vidare kan vera å involvera og ansvarleggjera elevane i vurderingarbeidet, at dei kan setja seg mål sjølve og arbeida med å gje dei eit meir realistisk bilete av eige arbeid og prestasjonar.

### **Kriterium: Skulen har felles rutinar/system for vurdering**

- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering (elevsamtalar)
- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat

Samtalar med elevar og personalet viser at det er stor variasjon på systematikk og gjennomføring av elevsamtalar.

Skulen manglar system, og personalet etterspør dette.

Elevsamtalen er ein viktig del av elevvurderinga, og elevane sa "det er viktig å snakka med lærar åleine, det er ikkje så lett å få snakka med lærar åleine til vanleg.



Også når det gjeld system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering har mange lærarar utarbeidd egne og gode system for dette, men dei veit ikkje om *skulen* har eit fast system.

Dersom dette er på plass, må det gjerast tydeleg for alle korleis systemet er, og dersom dette ikkje er på plass må leiinga på skulen snarast syta for felles rutinar. For å auka læringsutbyttet til norske elevar har Stortinget gjennom Stortingsmelding 31, "Kvalitet i skolen", lagt ein del føringar.

For å forsterka tidleg innsats er det innført kartleggingsprøvar kvart år på dei tre første trinna i barneskulen.

*Departementet vil:*

- innføre obligatoriske kartleggingsopplegg i lesing med prøver på 1. til 3. trinn

Det er ein føresetnad at skular/skuleeigar er kjend med og drøftar resultat av desse prøvane. Det er då ein føresetnad at skulen /kommunen har faste reglar for korleis dette skal gjerast.

Dette må koma på plass og verta gjort kjendt for alle som arbeider på skulen.

### **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

- *lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i*

I samtalar med tilsette går det fram at ikkje alle lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i. Det vert trekt fram to grunnar til dette.

1. Skulen er ein "liten" skule, der det er vanskeleg å ha tilsette med kompetanse i alle fag.

2. Sterk binding av lærarar til trinn, vanskeleg å utnytta kompetanse på barnetinet fordi her enno er sterkt skilje mellom småskulesteg og mellomtrinn, og endå sterkare mellom barnetrinn og ungdomstrinn.

Vurderarane finn at organisasjonen ikkje nyttar seg av den kompetansen som fins i personalet på ein optimal måte. Dette bør leiinga ta endå meir omsyn til ved utarbeiding av ny timeplan. Dersom det er naudsynt, må skulen / skuleeigar kartleggja kompetansen ved skulen.

Det må også arbeidast med å få til eit betre samarbeid på tvers av trinna for å utnytta kompetansen til dei tilsette til beste for elevane si læring.

## **10 – Vidare arbeid**

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*



***Hardanger / Voss kompetanseregion***  
*Vurderingsgruppa*

Ulvik, 2/4 2009

Turid S. Mykkeltvedt

Inger Sekse



***Hardanger / Voss kompetanseregion***  
*Vurderingsgruppa*

Vedlegg 1

***Vedlegg 2***

***Vedlegg 3***